



FJELLREGIONSAMARBEIDET

Eit regionalpolitisk samarbeid mellom
fjellkommunar/regionråd og
fylkeskommunane i Buskerud, Hedmark,
Oppland, Sogn og Fjordane og Telemark

Vår sakshandsamar
Torunn H. Kornstad
Tlf.: 62 54 44 79

Vår dato
20.04.2010

Vår referanse
10/2427-7

Dykkar dato

Dykkar referanse

REFERAT FRÅ RÅDSMØTE I FJELLREGIONSAMARBEIDET 2010

THON HIGHLAND HOTELL, GEILO, 14. APRIL KL. 13.30-15.45

Rådsmedlemar/varamedlemar til stades på møtet:

Jon-Andreas Kolderup, Buskerud fylkeskommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Olov Grøtting, Regionrådet for Fjellregionen
Erling Aas-Eng, Regionrådet for Fjellregionen
Olaug Grønseth Granli, Regionrådet for Hallingdal
Oddvar Grøthe, Regionrådet for Hallingdal
Eivind Brenna, Valdres natur- og kulturpark
Olav Skinnes, Krødsherad kommune
Arne Vinje, Vinje kommune

Tilstades frå administrasjonane:

Kay H. Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Ola Idar Løkken, Oppland fylkeskommune
Thrond Kjellebold, Telemark fylkeskommune
Rune Jørgensen, Regionrådet for Fjellregionen
Ragnhild Dåsnes, Regionrådet for Fjellregionen
Knut Arne Gurigard, Regionrådet for Hallingdal
Marianne Bøe, Krødsherad kommune
Dorthe Huitfeldt, Vinje kommune
Oddmund Olesrud, Tinn kommune
Ann Marit Holumsnes, Fjellregionsamarbeidet /Hedmark fylkeskommune
Torunn H. Kornstad, Fjellregionsamarbeidet /Hedmark fylkeskommune

Referent:

Torunn H. Kornstad, Fjellregionsamarbeidet

Leiar Svein Borkhus opna møtet, og starta med å avklare kven som var til stades frå Rådet. Ni av dei fjorten medlemene var representerte, og møtet var såleis vedtaksført i høve til § 8 i retningslinene.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader. Det var ikkje kommi inn nokre saker frå medlemene, og sak 10 "Innkomne saker og uttaler" gikk difor ut av sakslista.

2. Val av møteleiar, sekretær og to personar til å skrive under protokollen

Leiar Svein Borkhus vart vald som møteleiar.

Torunn H. Kornstad frå sekretariatet vart vald som sekretær for møtet.

To til å skrive under protokollen:

Jon-Andreas Kolderup, Buskerud fylkeskommune
Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune

3. Opptak av nye medlemar: Hjartdal og Krødsherad kommunar

Desse to kommunane vedtok å melde seg inn like etter Rådsmøtet i 2009. Det formelle vedtaket om opptak må i følgje retningslinene skje av Rådsmøtet, som gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Rådet for Fjellregionsamarbeidet vedtar med dette å ta opp kommunane Krødsherad i Buskerud og Hjartdal i Telemark som medlemar"

4. Årsmelding 2009

Årsmeldinga vart lagt fram for Rådsmøtet for kommentarar. Det vart bedt om at det seinare også blir lagt fram ein handlingsplan for Rådsmøtet.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Rådet godkjenner Årsmeldinga for Fjellregionsamarbeidet for 2009."

5. Rekneskap2009

Rekneskapan for 2009 vart lagt fram for Rådsmøtet med eit overskot på kr 266.851 og ein eigenkapital ved årsskiftet på kr 1.316.851.

Rekneskapan var revidert og godkjent av Hedmark fylkesrevisjon.

Ann M. Holumsnes frå sekretariatet gikk gjennom og forklarte einskilde av postane.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Rådet godkjenner rekneskapan for Fjellregionsamarbeidet for 2009."

6. Kontingent og budsjett 2011

Ann M. Holumsnes gikk gjennom forslaget til budsjett og kontingentendring for 2011.

I saksgrunnlaget som vart delt ut på møtet var det ein skrivefeil i forslaget til vedtak når det gjaldt storleiken på kontingenten. Budsjettforslaget for 2011 var ikkje bygd på desse tala, men på dei korrekte. Rådsmøtet fatta vedtak på bakgrunn av forslaget med skrivefeil før ein vart merksam på denne feilen. Møtet oppheva difor dette vedtaket, og fatta deretter følgjande vedtak i samsvar med innstillinga til vedtak som Arbeidsutvalet gjorde i sitt møte 19.03.10:

”Rådsmøtet vedtar å auke medlemskontingenten til 3,00 kr/innbyggjar for kommunar og regionråd, og til 0,75 kr/innbyggjar for fylkeskommunar. Auken gjeld frå 2011.

Det framlagte budsjettet for 2011 vedtakast.”

7. Endringar i retningslinene

Torunn H. Kornstad frå sekretariatet gikk gjennom saksframlegget, der dei einskilde paragrafane i retningslinene var kommentert. Det var også tatt med forslag til nye paragrafar. Rådet vart deretter bedt om å komma med kommentarar og innspel til revisjonen.

Det var ulike synspunkt på om perioden for leiar og nestleiar skal vera 2 eller 4 år. Det vart sagt at det ikkje trengst ein valkomité, det kom eit forslag om å vurdere omgrepet ”styre” istadenfor Arbeidsutval, og å bruke omgrepet medlemskontingent framfor tilskot. Ei avklaring av tilhøvet til Euromontana må takast inn. Det vart også nemnt at detaljeringsgraden i retningslinene kan vera for stor slik dei er nå.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Med bakgrunn i diskusjonen i Rådsmøtet går hovudsekretariatet gjennom retningslinene for Fjellregionsamarbeidet og utarbeider eit forslag til reviderte retningsliner. Arbeidet må kvalitetssikrast av ein jurist.

Dette forslaget blir handsama av Arbeidsutvalet og sendt på høyring. Etter at høyringsuttalene er handsama og konkrete forslag er innarbeidde, blir revidert forslag sendt ut til medlemne for politisk handsaming.

Endeleg handsaming av retningslinene skjer i Rådsmøtet 2011.

Rådsmøtet gjev Arbeidsutvalet fullmakt til å ta opp nye medlemar fram til dei reviderte retningslinene er handsama.”

8. Orientering om European Mountain Convention, 15.–17.september 2010, Lillehammer

Sekretær Holumsnes orienterte om konferansen som Fjellregionsamarbeidet er arrangør for på vegne av Euromontana. Oppland fylkeskommune er også med som teknisk arrangør. Tema for konferansen er Innovasjon i fjellregionane.

Etter orienteringa kom det ein del innspel, særleg til marknadsføringa av konferansen, der det bør leggast vekt på at norsk blir det eine konferansespråket. Det bør lagast ein marknadsføringsplan, helst med profesjonelle informasjonsmedarbeidarar. Det må vurderast bruk av sosiale media på internett, redaksjonell omtale, bruk av alle dei små lokalavisene i fjellregionane, korleis ein får med næringslivet som deltakarar, involvering av Innovasjon

Norge, og bruk av heile sekretariatet. Rådsmøtet ga uttrykk for at desse innspela er viktige for gjennomføringa av arrangementet, og at det difor er viktig at sekretariatet legg vekt på dei i det vidare arbeidet.

Etter spørsmål frå salen presenterte sekretær Kornstad kort planane for tre forskjellige studieturar. Desse er ikkje ferdig planlagde, men skal venteleg gå til Gausdal/Valdres, Gausdal/Midt-Gudbrandsdalen og Ringebu/Jellet/Stor-Elvdal/Sjusjøen. Det blir noko forskjellige tema på dei tre turane.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Rådsmøtet tar informasjonen om European Mountain Convention 2010 på Lillehammer til orientering”

9. Innspel til uttale frå Fjellregionsamarbeidet til ny Landbruksmelding

Etter ei kort orientering om at Landbruks- og matdepartementet arbeider med ei ny stortingsmelding om jord-, skogbruk og mat, vart det opna for synspunkt frå møtelyden.

Det kom fram synspunkt på at innspelet som Fjellregionsamarbeidet skal sende inn ikkje bør vera for detaljert, og ha fokus på det som er spesifikt for fjellregionane. Det vart vektlagt at skogbruket og FoU ikkje må gløymast, og at landbruket er viktig i høve til reiselivet er når det gjeld kortreist mat, men også når det gjeld attgroingsproblematikk. Det berekraftige landbruket, mangesysleriet og fjellandbruket som legitimitet for støtteordningane til resten av jordbruket vart nemnde. Det vart også sagt at Fjellregionsamarbeidet bør invitere seg inn i arbeidet med meldinga.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet har merka seg dei synspunkta og ideane som har kommi fram i diskusjonen i Rådet om ei ny landbruksmelding, og vil ta med seg desse inn i arbeidet med eit innspel til meldinga.

Synspunkt og innspel på kva som bør stå i innspelet frå Fjellregionsamarbeidet må sendast til sekretariatet innan 30. april.”

10. Val av leiar og nestleiar for Fjellregionsamarbeidet

Det vart fremja forslag på attval av leiar Svein Borkhus frå Hedmark fylkeskommune og nestleiar Arne Vinje frå Vinje kommune. Begge to tok på seg attval for neste 2-årsperiode.

Rådet vedtok da med akklamasjon følgjande:

”Leiar for Fjellregionsamarbeidet perioden 2010-2012:
Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune

Nestleiar for Fjellregionsamarbeidet perioden 2010-2012:
Arne Vinje, Vinje kommune”

...../.....
(stad) (dato)

...../.....
(stad) (dato)

.....

.....